Emne 8 Nes, Vest Agder

Me talar vel om beit og brom og bar?

Beit og bar lyt vel vera 2 ting?

1 Eg reknar så at desse förslag helst höyrde geitealderen til, og den vart det slutt med her omkring 1840–50. Ville ikkje geitene eta av beitkosten (kost = haug, samling) så visste folk godt råd med det: dei jaga geitene bort nokre gonger frå beitet, så dei trudde det var noko grönt og godt som dei ikkje måtte få. Då vart det gjort!

2.3 Det kan vel ikkje ha stort på seg anten beitkosten kom heim med hest eller på handslede eller boren på rygg.

4.5 Enno kan det henda ein tek heim björketopp i vårknipa og gjev kyrne. Toppen vert då hakka av med hakkesigd på hogsterplassen i skogen.

6 Sjå 1!

7 Nei.

Om lauvforet skal reknast for hjelpefor kan meininga vera ulik. Hesten vert blank i skinnet når han får osplauv attåt höyet. Lindelauv vart teke före slåtten, den tid me reiv lindebast til tog, og det laut vera i svainga. Askelauv og eikelauv hausta i august rekna me jamgodt med godt höy.

Hans Seland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING